

## Vedlegg 2 Instruks vintervedlikehald

28.09.2021

Beredskapen for kontrakten gjeld i perioden fra 15.11 -01.04 kvart år. Tilbydaren må også pårekne brøyting/strøing utanfor beredskapsperioden, dersom værtihøva tilseier det.

### Brøyting:

- Oppdragsgiver føreset at leverandøren gjer seg godt kjent med roda før sesongen tek til. Brøyting skal utførast så ofte det er nødvendig etter dei retningsliner som kommunen fastset. Dersom ikkje anna er bestemt i kontrakten, gjeld denne instruksen som retningsline for brøytinga.
- Vegane skal være framkommelig for kjøretøy som er normalt utstyrt for vinterkjøring. Tilbydar skal setje inn tiltak ved å redusere mengda snø og is på vegen, samt sikre tilstrekkelig veggrep for trafikantane, for å oppnå dette.
- Brøyting skal vere gjennomført slik at maksimal snødjupne ikkje overskridar fylgjande verdiar:

Gjennombrøyta før (snødjupne)		
Tørr snø (cm)	Våt snø (cm)	Drevsnø (cm)
10	7	10

Tabell 1 Krav til maksimal snødjupne

- Ved snøfall om natta er det prioritet at roden skal vere nybrøyta før morgontrafikken tek til kl. 07.00. Etter kl. 23.00 kan grenseverdiane i tabell 1 derfor overstigast før det blir starta brøyting. Ved store snøfall eller føyke må leverandøren også om natta utføre nødvendig brøyting slik at roden er farbar i samsvar med tabell 1.
- Leverandøren skal førebu og planlegge arbeidet slik at vintervedlikehaldet kan gjennomførast på ein tilfredstillande måte gjennom heile vintersesongen. Vegbana skal ryddast slik at det straks vert full køyrebredd, så nær grøftekant, rekverk og skråning som mogleg. Brøyting og rydding av møteplassar og busslommer skal så langt det er mogleg gå parallelt med brøyting av sjølv vegbana. Brøyting skal vere utført på ein slik måte at snøstikker ikkje vert unødig fjerna. Det er tilbydar sitt ansvar å setje opp att nedkøyrde snøstikke.
- Dersom det på grunn av uver eller av andre grunnar ikkje er mogeleg å utføre brøyting, rydding eller anna vintervedlikehald i samsvar med retningslinene, må Sunnfjord Kommune v/fagkoordinator på veg snarast varslast.
- Ved vegsperringar på grunn av fonner, ras eller andre grunnar skal kontraktøren straks gje melding til Sunnfjord Kommune v/ fagkoordinator på veg. Dersom det er fare for at

## Vedlegg 2 Instruks vintervedlikehold

28.09.2021

det er folk i raset skal ein dessutan varsle politiet. Kontraktør skal varsle fagkoordinator på veg ved vegskader eller andre forhold som kan være til fare for trafikken. Dersom fagkoordinator på veg ikkje er å treffe, gjev ein melding til einingsleiar for teknisk drift.

8. Dersom det er behov for meir deponiareal til lagring av snø skal dette takast opp med fagkoordinator på veg. Sunnfjord kommune vil då kunne vise til nye plassar. Det skal ikkje lagrast snø på fortau eller gangveg.
9. Kontraktøren skal under brøyting vise rimeleg omsyn til anna trafikk og eigedomar langs med roden. Ein må om mogeleg setje ned farten for å unngå at møtande køyretøy får dekka til frontruter med snøføyk frå brøyteutstyr eller at eigedomar langs vegen vert påført skade.
10. Ved passering av bruer må ein passe på at snøkantane ikkje blir pressa så hardt mot rekkverka at desse vert skada. Det må ikkje gjerast skade på rekkverk, gjerde, trafikkskilt, lysanlegg, brøytestikker og liknande. Det må visast varsemd ved passering av overgangar over trafikkert veg, ferister, brubaner, kumlokk med meir. Ved brannkummar og EL-skap skal det ikkje leggast opp snø/brøytekantar som hindrar tilkomst til desse.
11. Rydding av kryss skal utførast i størst mulig sammanheng med den øvrige brøytinga. Snøen skal ikkje leggast igjen i kryss slik at fri sikt vært hindra. På vegar utan fortau og utan separate gang- og sykkelvegar skal brøyting og rydding av vegskulder og vegkantar gå parallelt med brøyting av køyrebana.
12. Dersom brøyting av fortau inngår i roden må rydding av desse så langt det er mogeleg prioriterast på lik linje med rydding av køyrebana.
13. Der gang- og sykkelveg ligg nær vegen, må kontraktøren koordinere brøytinga med den som har ansvaret for brøyting av gang- og sykkelvegen og legge opp arbeidet slik at ein mest mogeleg unngår at anlegg for gåande og syklende vert sperra av snø frå vegbana.

### Høvling:

I tilfelle der snøsåle vert danna, skal den haldast nede på eit minimum, og djupne på spor skal være mindre enn : **3 cm**

Ved normal brøyting skal det ikkje vere behov for høvling.

### Strøing:


1. Det skal nyttast sand eller saltblanda sand i strøtenesta. Strøing skal gjennomførast dersom friksjonsforholda hindrar normalt vinterutstyrte køyretøy å komme opp bakkar etc. Omsyn til mjuke trafikantar skal vektleggast ved strøtenesta.

## Vedlegg 2 Instruks vintervedlikehold

28.09.2021

2. Strøing skal gjennomførast når friksjon er  $< 0,25$ . Tilbydaren må vurdere heilstrøing evt. punktstrøing ut frå lokale forhold.

Ved strøing skal ein legge til grunn følgjande verdiar:



Figur 1 Friksjonskurver ved ulike føreforhold

3. Tilbydaren er ansvarleg for å skaffe strøsand og (påvise) lagerplass for strøsanden i sitt kontraktområde. Tilbydaren har også ansvar for å halde sanden frostfri, slik at uttak av strøsand kan gjennomførast til ein kvar tid.

Det skal nyttast grus med følgjande kvalitet:

Kvalitet strøsand	Fraksjonsstorleik [mm]
Knust vaska strøsand	2-6 (alternativt 2-8 )

Figur 2 Friksjonskurver ved ulike føreforhold

### Salting:

- 1 Kommunen skal driftast etter vinterklasse med godkjent føreforhold for snø- og isdekke vinteren igjennom. Vegane uteom sentrumsområder skal ved behov normalt strøs med sand. Tilbydar kan nytte salt dersom det er hensiktsmessig.

På vegar med høg trafikk/sentrumsområder, og i områder og periodar med vekslande temperaturforhold, skal primært nytte salt førebyggande i tillegg til brøyting.

For å oppnå gode køyreforhold med god framkomst og trafikksikkerheit, må salting i størst mogleg grad skje preventivt. Det vil seie at det må saltes før is- eller snødekke har blitt danna. Salt skal først og fremst spres som anti-ising eller i forkant av snøvær.

## Vedlegg 2 Instruks vintervedlikehold

28.09.2021

### Anna forhold:

1. Leverandøren skal føre køyrelister der det skal framkome dato og når tid på døgnet brøytinga er utført. Listene skal leggast fram ved etterspurnad frå kommunen.

System for elektronisk loggføring av brøyting og strøing skal nyttast om kommunen krev det.
2. Tilbydaren har i heile berdeskapstida ansvar for vegar /plassar i sitt kontraktområde. Dette omfattar også ettersyn i vårtihøve med sterkt nedbør i form av regn. Under slike forhold skal ein forvisse seg om at grøfter og stikkrenner er opne, slik at vatnet ikkje gjer skade på kommunen sine vegar eller annan manns eigedom.
3. Kontraktørene plikter å godta at roder kan bli korta ned, eller lengd med nye vegar som naturleg høyrer til vedkommande rode. Kontraktsum skal justerast ut frå eit forholdstal mellom den samla veglengde før og etter endring av rode.
4. Kontraktøren skal følgje bestemmelser i Vegtrafikklovgjevinga, mellom anna:
  - Vegtrafikklovens §3 – grunnregler for trafikk
  - Vegtrafikklovens §6 – fartsregler
  - Trafikkreglene §2 – anvendelsesområde, fravikelse av vegtrafikkbestemmelser mv
  - Trafikkreglene §13 – særlige bestemmelser om kjørefarten
  - Trafikkreglene §14 – signal og tegn
5. Etter trafikkreglane § 2 nr. 4 kan førar av køyretøy som nyttast til vegarbeid eller liknande arbeid på eller ved veg, når det er til vesentleg lette i tenesta og det visast særleg varsemd, fravike vegtrafikklova § 4, 2. og 3. ledd og §§ 5 - 9 og bestemmelser i trafikkreglane kapittel 2, 3, 4, 5, 8 og 9 som ikkje særleg gjeld for han. Likevel skal slik førar alltid overhalde trafikkreglane §§ 22, 23, 30, 31 og 32. Blinkande gult varsellys skal alltid brukast ved brøyting, strøing og snørydding, jamfør trafikkreglane § 18 nr. 5 og køyreforeskriftene § 142. Blinkande gult varsellys skal ikkje brukast ved tomkjøring med sand- og saltspredar så framt breidda overstig 2,5 meter.
6. Kjøring på venstre side av vegen må ikkje foregå med mindre det enten er sytt for ein effektiv sperring av vegen for alminneleg ferdsel eller tilfredsstillande varsling er sett i verk. Formannen avgjer kva for sikringstiltak som skal setjast i verk på dei forskjellige vegstrekninga.
7. Vegtrafikklovas § 3 skal førar alltid overhalde og kan ikkje fravikast, jamfør punkt 11. Overheld ein ikkje denne paragrafen stiller føraren i same strafferettslege stilling som ein kvar annan trafikant.
8. Kontraktøren har ansvaret for av førarar/avløysarar får full opplæring og kjennskap til kontrakten sine krav til utføring og ansvar. Ved arbeid på offentleg veg skal det nyttast CE - godkjent arbeidsklede samt anna naudsynt verneutstyr. Alt verneutstyr skal haldast av kontraktør.